

# Lesestrategiar i Ordriket

## Som førebuing til lesinga

- Førestille deg kva teksten handlar om, ved å sjå på overskrift og biletar
- Undersøkje korleis teksten er bygd opp, og sjå på alle delane
- Finne sjangertrekk for å finne ut kva slags type tekst det er
- Tenkje over kva du veit om emnet frå før
- Lage hypotesar til teksten du skal lese
- Lage VØL-skjema

## Til overvaking av lesinga

- Stoppe opp ved ord du ikkje forstår, og finne ut kva dei betyr
- Lage ordkart til vanskelege ord for å forstå dei betre
- Gjere lesestopp og lage hypotesar til kva som skjer vidare
- Notere stikkord om kva du visste frå før, kva som var annleis enn du trudde, kva du har lært nytt, og kva du ikkje forstod

## For å tenkje over det du har lese

- Beskrive innhaldet i teksten ved hjelp av ord eller teikning
- Stille spørsmål til teksten
- Skrive leselogg
- Skrive refleksjonslogg
- Velje ut nøkkelord
- Lage tankekart over innhaldet i teksten
- Lage assosiasjonskart over det teksten fekk deg til å tenkje på
- Skifte synsvinkel
- Lage tidslinje
- Lage tokolonnenotat over innhaldet
- Samanlikne noko av innhaldet i eit venndiagram
- Byte sjanger
- Tekst og tanke

## For å hugse teksten betre etterpå

- Gjenfortelje det du har lese
- Skrive ei oppsummering av det du har lese